



Helse Bergen

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
02.07.2018	18/476 - 4	

**Melding om vedtak - Høyringsuttale - Prehospital plan for Helse Bergen HF**

Kommunestyret - 041/18:

**Det er gjort følgjande vedtak i saka:****Høyringsuttale på Prehospital plan 2018 – 2035.**

Austrheim kommune sluttar seg til alternativ 2: Ein moderat auke av dagens kapasitet, i prehospital plan for Helse Bergen HF 2018-2025. Det er viktig at ambulansen framleis er stasjonert i Austrheim. Det er ei sentral lokalisering for store områder i nordre delen av Nordhordland. På side 64 i planen vert det sagt at bilen har stor beredskapsverdi for Fedje og Radøy. Det bør og takast med at bilen har stor beredskap for nordre delar av Lindås og Mongstad-området fordi ambulansetasjonen i Austrheim ligg nærare enn den i Knarvik.

I dag føregår skifte av ambulansemannskap i Knarvik. Det fører til at bilen i det tidsrommet er i tomkøyring mellom Austrheim og Knarvik. Desse mannskapskifta føregår og i deler av dagen der det er størst trafikk mellom Mongstad og Knarvik. På side 64 seier planen at det kvar månad er 2-3 oppdrag med raud respons i dette tidsrommet. Planen viser og til at responstida i Austrheim har auka frå 2010 til 2017. Austrheim har berre 68 % av raud respons oppdraga innanfor 25 minutters responstid. Eit tiltak som kan hjelpe på å nå målet om 90%, kan vere å endra skifte av mannskap til Austrheim. Austrheim kommune meiner det vil vera av stor betydning beredskapsmessig å skifte mannskap i Austrheim.

I dag er det lokale brann- og redningskorpset dei som ofte kjem først til ein skadestad. Dette er ikkje helsepersonell, men brannmannskap med kompetanse innan førstehjelp. I planen er desse rekna inn som ein del av den prehospitala ordninga. Vi vil understreka at denne kommunale tenesta er eit supplement til ambulansetenesta, ikkje ein del av tenesta. Det er kommunen som tar kostnadene for desse mannskapa. Dersom Helse Bergen skal rekne desse inn i den prehospitala ordninga, bør det drøftast ei fordeling av kostnader mellom kommune og helseføretak. Vi registrerer og at Helse Bergen ikkje prioriterer samøving når vi har felles øving med politi og industri. Det er god kompetanse i brannkorpset, men det er og ein teneste som er belastande for mannskapa. Det krev mykje øving for å vere trygg. I dag er det ikkje avsett nødvendige ressursar til det.

Det er avgjerande viktig at det ikkje i framtida vert stilt kostnadskrevjande krav om helsefagleg kompetanse for desse hjelparane. AMK har i dag ikkje oversikt over kva materiell akutthjelparane har. Det er viktig at Helse Bergen kan vere med på kommunen si kompetanseoppbygging av desse

hjelpemannskapa.

Vennleg helsing  
Kristin Nesbø  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

Kopi til:

Mottakarar:  
Helse Bergen